

UTTALELSE FRA MELLOMkirKELIG RÅDS MØTE 01.-02.06.04:

Nei til jødehat

Mellomkyrkjeleg råd ser med stor uro på dei teikna til jødehat som vi ser i Noreg og elles i Europa. Det er avskyteleg og i strid med eit kristent menneskesyn å gje uttrykk for eller nøre opp under den slags rasisme. Jødehat og andre former for rasisme er uakseptabelt og i strid med felles normer som vi må byggje det fleirkulturelle og fleirreligiøse europeiske samfunnet på. Jødane høyrer til mellom oss, og er ein viktig del av våre samfunn og vår kulturhistorie. Som kristne har vi våre røter i det jødiske folket. Vi har ei mørk historie når det gjeld jødane i Europa, og kyrkja har vore ein del av denne historia. Kyrkjene må stå fremst i arbeidet for å forhindre at jødar i Europa på nytt vert utsette for hat og overgrep.